

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Februar 1988

42. Årg.



Foto: Siv Anita Bruvik



Kor mykje er eit menneske verd?

Du er verdfull.

Ditt verd som menneske var ikkje noko du fekk den dagen du vart fødd og kom ut i frisk luft. Då hadde du alt hatt fullt menneskeverd i 9 månader, medan du fekk mat og husrom i kroppen til mor.

Ditt verd som menneske er ikkje noko du misser. Sjølv om du ein dag skulle missa minnet ditt, eller evna til å tenkja, eller evna til å eta sjølv. Menneskeverdet er gitt oss av Gud.

Det går an å kjenna seg einsam og forlati. Det går an å kjenna seg unyttig og til overs. Det går an å missa arbeidet, eller missa familie og vener.

Men menneskeverdet kan vi ikkje missa.

Det er mogeleg å gå til botnar i samfunnet. Det kan koma av alkohol, narkotika eller brotsverk. Men dei det gjeld, er like verdfulle menneske.

*

Kor mykje er eit menneske verd?

Svaret ligg i orda: "For så elska Gud verda at han gav Son sin,"

Du og eg er så verdfulle at Jesus, Guds Son, gjekk i døden for oss. Ingen ting talar sterkare om kor høgt vi er verdsett.

*

I kyrkjelydsbladet tar vi denne gongen opp spørsmålet om vern av borna i mors liv.

Vi byrjar så smått å bli flinke til å verna om naturen i landet vårt. Vi vernar vassdrag og lyngheier, og fleire dyreartar er freda. Kvifor snakkar vi så lite saman om å verna dei ufødde?

Gjennom provosert abort i Noreg går det kvart år tapt liv i eit tal som svarar til 500 fulle skuleklasser. Kva tid skal vi læra oss å behandla dei ufødde borna som det dei er: Våre små medmenneske?

*

Kva kan vi så gjera?

Vi kan verna det ufødde liv gjennom gode lover. Og gjennom personleg omsorg for dei som det gjeld mest. Særleg bør det seiast eit ord til oss menn om ikkje å rømme unna ansvar, men å ta vår del av byrda med borna. Den mann som er motstandar av abort, må òg vera viljug til å skifta bleier.

Kvar ein skild av oss står ansvarleg for Gud med det vi seier og gjer. Lat oss samla oss til arbeid og omtanke for å verna om hans minste små!

Kjell Arne Norum

LIVET - eit under

som byrjar med samansmeltinga av ei celle frå faren og ei frå mora og er etter det eit sjølvstendig vesen.

Ca. 18.dag.
Før mora veit at ho er gravid, byrjar hjarta å slå.

6 veker (1 1/2 cm).

4 veker etter at mora sin menstruasjon ikkje er komen, har barnet hjarte, auge, øyre, munn, lever og nyre som blodet strøyer gjennom, uavhengig av mora sitt blodomlaup.

Ca. 7.veke (2 cm).

No er det armar og bein som rører seg, men mora kan ikkje merka det enno. Fingeravtrykket er også ferdig utvikla. Det blir uendra livet ut.

10.uke (5 cm).

Handa kan gripa om ein ting som blir lagt i ho. Fosteret reagerer på smerte, kulde, lys og lyd. Av og til søv det - kan henda med tommelfingeren i munnen.

Frå no av krev det berre næring, varme og omsorg for å veksa - på same vis som etter fødselen.




For du har skapt mitt indre, du har vove meg i mors liv. Eg takkar deg fordi eg er skapt på skræmeleg underfull vis. Underfulle er dine verk, det veit eg så vel. Mine bein var ikkje dulde for deg då eg vart skapt i løyndom og forma djupt i jorda. Du såg meg då eg var eit foster, i dei bok vart alt skrive opp; mine dagar fekk si form før ein einaste av dei var komen.

Salmane, 139, 13-16,

TEIKNINGA på side 2 er av Anders Færevåg, frå småskrift 4 frå Samling om Skaparverket.

TEIKNINGA øvst på sida er av Veronica Leo frå "Jeg skal spørre Gud" av Britt Hallkvist. Aschehoug 1978



TILBYR ALTERNATIV TIL ABORT

Den vanskeligstilte gravide som oppsøker oss, vil vi gi reelle alternativer til abort, sier Bente Hansen, daglig leder for AAN, rådgivningskontor for gravide i Oslo. AAN er et konkret tiltak fra Norsk Pro Vita – som er en følge av deres syn på fri abort.

Lignende kontorer er i ferd med å komme i seks andre byer.

– AAN arbeider for vern av livet, og vi ønsker å tilby moren alternativ til abort. Vi ønsker å gi moren hjelp slik at hun ser seg selv i stand til å bære frem barnet, sier daglig leder Bente Hansen. Hun har vært ansatt ved kontoret siden januar 1980.

PROBLEMENE kan TÅRNE SEG OPP.

– Mange nye og kanskje uventede situasjoner oppstår for den unge kvinnen som er blitt gravid. Hvor skal jeg bo? Jeg er så usikker på mange ting i forbindelse med graviditeten! Hva med barnefaren?

Problemen kan tårne seg opp, og abort blir for mange løsningen, – som vel egentlig ikke er noen løsning.


Det er viktig for kvinnen at det praktiske rundt henne fungerer, og her vil vi prøve å hjelpe. Vi vil også gi moralsk støtte på at hun har gjort et riktig valg, når hun sier at hun vil bære fram barnet sitt.

Vi her på AAN kan ikke bestemme for noen om de skal bære fram barnet eller ikke. Vi er nødt til å arbeide i samsvar med norsk lov som sier at moren selv skal få avgjøre dette, men vi tror at det å gi reelle alternativer til abort er en god og nødvendig oppgave.

ENSOMHET

Vi utfordrer Bente Hansen til å gi oss et innblikk i kvinnes situasjon.

– I denne vanskelige valgsituasjonen er det en enorm ensomhet som preger de fleste kvinner. Det er også vårt inntrykk at de tar dette valget svært alvorlig. De fleste kvinner ønsker egentlig å beholde barnet, men står overfor familie, venner og helsepersonell som råder til abort. Derfor opp-



lever hun også skyldfølelse overfor sine omgivelser dersom hun velger å beholde barnet. Det skal sterk rygg og stor styrke til å stå i mot et samfunn som ikke tillater henne å beholde barnet. Dessuten er det hun som skal fremsette begjæring i tilfelle abort, og hun opplever dette tungt og konfliktyllet.

MANGE FÅR HJELP

– Har du inntrykk av at de som oppsøker dere, får hjelp?

– Ja, jeg tror mange får hjelp. Noen går ut av dørene her uten at vi vet hva de vil bestemme seg for. Men vi ber dem gjerne om å slå på tråden – uansett. Noen ringer tilbake og forteller at abort var den eneste løsningen for dem, mens andre er forvilet når de har hatt et abortinngrep.

Å følge opp med samtale etter abortinngrep er en vanskelig oppgave, men vi ser det likevel svært viktig for kvinnen.

BRUKT OG SVIKTET

Forut for graviditeten har mange opplevd at forholdet til barnefaren var et forhold de trodde på. Men det mange trodde var kjærlighet, var likevel ikke det. Faren reagerte med: «Det er ikke mitt barn» eller «du må selv avgjøre om du vil bære barnet fram

eller ei». Jenta trodde det var kjærlighet, men fikk oppleve at både barnet og hun selv ble forkastet. Resultatet blir ofte at hun føler seg lite verd. Hun hadde søkt varme og nærhet, trodde hun skulle få det gjennom seksuell kontakt, men følte seg etterpå brukt og sviktet.

Vi vil gjerne at kvinnen, etter at hun har vært hos oss, skulle se at hun er verdifull. Hun er ingen dårligere kvinne fordi hun er kommet i denne situasjonen. Vi vil vise at vi vil bevare hennes barn, og ved å gi barnet verdi gir vi også henne verdi.



BRUTTE PLANER

– Vi oppsøkes nå av mange svært ressurssterke kvinner, og det er ett iøynefallende trekk hos mange av dem. Dette gjelder kvinner som har oversikt over sin tilværelse og planlegger denne i minste detalj.

Uforutsette ting må man ordne opp i slik at livet kan fortsette i det samme mønstret. Selv om jeg har stor forståelse for at det er viktig med planer for tilværelsen, så må det ikke bli så fasttømret at man ikke kan bryte ut av mønstret og ta i mot et barn. Andre kvinner som ikke opplever seg så vellykkede, har lettere for å akseptere graviditeten når de får den nødvendige praktiske og medmenneskelige hjelp.

HOLDNINGER I MENIGHETEN

– Hvordan bør vi som kristne ta i mot den unge, ugifte jenta i menigheten som er blitt gravid?

– Mange føler seg hjelpeløse i møte med henne, en vil helst slippe å møte henne. For hva skal jeg si? Bibelen forkynner seksuell avholdenhet før ekteskapet, men når barnet allerede er unnfanget, er det en kristens plikt å verne om det nye livet. Vi skal gi jenta den hjelpen hun trenger. Snakk med henne «Jeg vet du er gravid, hva kan jeg hjelpe deg med?»

Det er viktig å gjøre henne trygg i den første perioden, der hun går og tenker: Hva vil folk si, blir jeg utstøtt av menigheten? Når vil de se det på meg? Abort er for denne jenta en fristende løsning, for ingen ville da få vite noe. Vi kristne må vise at vi bryr oss om både henne og barnet.

INNLEVELSE

Bente Hansen kan ikke nok få understreket hvor viktig det er å leve seg inn i hvordan en kvinne egentlig har det i en slik valg-situasjon.

– Selv om hun velger abort, så må vi ikke bagatellisere hennes avgjørelse og tro at hun tar det lett. Kanskje var det vi som sviktet og ikke støttet henne slik vi burde gjøre? Kanskje var hun i vårt nærmeste miljø?

(Fra intervjuer i «UTSYN» og «VERN OM LIVET»)



HUGS FASTEAKSJONEN!

Fasteaksjonen er ein god tradisjon. I tida fram til påske legg ein kvar dag gåvene sine på fastebørsa. Ver med og hald ein god tradisjon i hevd.

KIRKENS NØDHJELP

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3. Tlf. (02) 46 39 70
Postgironr. 5 20 14 05. Bankgironr. 530

Kva kan vi gjera med skylda vår?

Dei fleste av oss har svikta i abortsaka.

Ikkje berre dei som gav etter for abortpresset.

Ikkje berre dei som gjorde inn-grepet og som hjalp til.

Men òg alle dei mennene som stakk av frå ansvaret sitt. Eller dei som tagde når dei skulle ha tala. Som gjekk trøytt av å halda fram fosteret sitt menneskeverd. Svikta gjorde òg dei som tala store ord, men som lot vera å syna omsorg - for gravide som trengde hjelp. For familiar som sleit med boligproblem, sjukdom og nattevåking.

Kven av oss vågar å seia at vi ikkje har svikta?



Men kva skal vi gjera med vår skuld? Den kristne trua har eit klårt svar: Gje ho til Gud! Vend om og sanna synda di for han. Vi står ansvarlege for Gud med våre liv.

"Men dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urett."

Jesus har allereie sona all vår skuld på krossen.

I trua på Jesus Kristus får vi starta på nytt, og kan gå oppreiste vidare. I trua på han kan vi bruka kreftene våre til å tena vår neste, i staden for å slita med gamle nederlag.

"Så er det då inga fordøming for dei som er i Kristus Jesus."

Kjell Arne Norum



ALTERNATIV TIL ABORT I NORGE

- AAN - Arbeider for vern om ufødt liv.
 AAN - Gir råd til gravide kvinner om alternativ til abort.
 Gir kvinner praktisk og menneskeleg støtte til å fullføra svangerskapet og dra omsorg for barnet.
 AAN - er ikkje dømande, og diskriminerer ikkje med omsyn til tro, rase, farge, nasjonalitet, alder eller sivil status.
 AAN - legg vinn på å ha tid og omsorg for vanskelegstilte gravide.
 AAN-kontora vert drive av offentlege midlar, og frivillige gáver.
 Tenestene ved AAN-kontoret er gratis.

BISPE MØTET

vil oppfordre de kristne i Norge til å omslutte i sin omsorg og forbønn alle som kjemper med å finne den rette løsnning på en vanskelig konfliktsituasjon, hvor det dreier seg om å sette et funksjonshemmet barn til verden.

Vi skal være sene til å dømme og snare til å hjelpe. Men mest av alt kan kirken vise alle som kjemper med klarhet, hen til den Gud som har omsorg for alt skapt liv, født og ufødt, sykt og friskt, dem som lider og dem som har det godt.

Den Gud som har skapt alt liv, kan også gi mening til alt liv.

BISPEMØTET 1982.

Lat opp din munn
for den som er mållaus,
tal saka for dei
som held på å gå til grunne.

Ordtøka 31,8.

ØNSKEDIKTET

Astrid Tonstad, Skjoldtun, har sendt dette diktet for mor si, Ågodt Tolås, som er på Vaksdal Sjukeheim. Mora har gøymt på diktet i mange år. Det står ikkje noko namn under og heller ikkje kva for blad det har stått i. Truleg kan det ha stått i "Dagen" for mange år sidan.

Ho vonar at diktet kan bli ein oppvekjar og velsingning for nokon som les det.

GAMLE ALVORSORD TIL MOR.

Å mor - du må ta i din favn dine små
og lære dem veien til himlen å gå,
men endelig først denne veien selv
betred, -
for der hvor du går følger barnet
ditt med.

Å mor - husk og be for og med dine små
at engang du sammen med dem kan få stå
for tronen med glede og si slikt et ord:
-Her er jeg og dem som du gav meg på
jord.

Ja, se på den vesle du har på ditt fang,
Hvor skal den nå være en evighet lang?
I pine og gråt? - Eller glede så stor?
Å mor - på deg selv det jo meget beror!

Felles skyld

Politikernes vilje dirigeres av en opinion. Og folkemeningen trenger klar tale: Her i landet tar man livet av 40 - 50 spirende menneskebarn hver eneste dag med fullt overlegg uten at noen instans kan gripe inn.

Slikt skal ikke sies fordi det skaper skyldfølelse, heter det. Vi trenger en sterkere skyldfølelse på dette området, men den bør vi dele alle sammen. Den enkelte kvinne har i dag et tyngre ansvar enn rett og rimelig er fordi vi andre har individualisert et alvorlig spørsmål som hele samfunnet må ta.

Frå ein leiarartikkel i "Vårt Land".

Du mamma, hva gagnar det vel dine små,
om hele verden du her lot dem få
når sjelen tok skade og barnet for vill?
Da ville du ønske du ikke var til.

Om morgenen når de blir vekket av deg,
når ute på marker, på gater og vei,
om kvelden når de skal i sengen igjen,
tal til dem om Jesus, vår trofaste venn!

Tal til de små som du har i ditt skjød
om VENNEN som døde og Blodet utgjød.
Tal til dem og lær dem i bønn og i sang
om VENNEN som for dem på Golgata hang.

Jeg vet mangen mor som det slett ikke gjør,
men kjære begynn nå! Om hastig du dør
la barnet ei stå ved din grav med de ord:
-Vår mamma ei lærte oss Guds frykt på jord.

Du mor - vit at intet av alt du har kjørt
som barna mere verd og dyrebart er!
Med blod er du kjøpt og fra døden oppstår,
og evig de lever, når all ting forgår.

Hovudsaka

Mykje av diskusjonen i abortsaka har gått ut på "kven som skal bestemme". Trass alt er ikkje det hovudsaka.

Vi andre har lover som vernar oss.

Kva for lover har fosteret?

Kven av oss ville føla seg trygg dersom det vart drøfta kven som skulle avgjerda om vi skulle leva eller døy?

Fosteret er eit liv som treng vern. Det er hovudsaka.

KANO

FAGERTUN LEIRSTAD I EKSINGEDALEN

Tradisjonen tru har Samemisjonen, her med Odd Alvheim i spissen, arrangert nyttårsleir på Fagertun i Eksingedalen. Det er ikkje få ungdomar frå denne og andre kommunar som har vore innom Fagertun på dei mange leirane som har funne stad der gjennom åra.

På nyttårsleiren 87-88 var me ein alle tiders gjeng på 24 deltakarar og 6 leiarar samla der. Odd Alvheim og Torkel Johnsen hadde bibeltimane, og me fekk lov å høyra viktig og sentral forkynning, noko me treng i ei uroleg tid. Me fekk understreka kor viktig det er å ha kjennskap til og vera grunnfesta i Guds ord, særleg no når verdsleggjeringa er så sterk.

På leir går alvor og smil hand i hand, og latterdøra stod på vidt gap under leiren. Mange av deltakarane hadde også noko å bidra med både i underhaldninga og med vitnemål.

Personleg må me få lov å seia at det er svært viktig med slike leirstader der ein kan få høve til å vera sqman over fleire dagar. Ein vert kjende med einannan på ein betre måte og kan få høve til å snakka om personlege ting.

Fagertun har på denne måten fått bety mykje for mange, og ein har sett trongen for å få auka kapasiteten. Difor er leirstaden inne i byggjetrinn nr. 2, og denne gongen gjeld det nytt internat. Med eit nytt internat vert kapasiteten stor nok til å ta imot skuleklassar og arrangera familie- og eldreleirar. Grunnmurane er komne opp, og no trengst det arbeidskraft, pengar og særleg forbedarar. Med dette vil me oppmoda folk om å vera med og ta eit tak for Fagertun! Me trur at Gud har store planar med Fagertun, -vil du vera med på å realisera desse planane?

E. og A. Normann.



Her er det gamle skulehuset på Fagertun som har vore nytta til internat.

Det er dette som no skal bli avløyst av det nye internatbygget.

POSTGIRO nr. 3 78 97 65.
Merk talongen: "Gåve til Fagertun".

PÅSKE-LEIRAR

LEIR I.

TID: 25.-28. mars.
ALDER: 3.-6. klasse.
PRIS: kr. 200,-

LEIR II.

TID: 30. mars-4. april.
ALDER: 7. kl. og oppover.
PRIS: kr. 350,-

PÅMELDING:

Til NORGES SAMEMISJON
ØVREGT. 10.
5003 BERGEN
tlf. (05) 316506



Siv Kvamme, "eitt-åring" i PARIS.

Norges KFUK/KFUM har sidan 1962 hatt nærare 1.000 "eitt-åringar" som har gjort ei verdfull innsats i kristent barne- og ungdomsarbeid.

Vi fekk høyra at Siv Kvamme frå Stanghelle er gått inn i denne tenesta. Ho arbeider dette året på KFUK-heimen i Paris, og vi let henne sjølv fortelja om det:

" Dette syntest eg høyrdest svært spanande ut då eg i mars 1987 fekk tilbodet. Eg hadde då vore nesten eitt år i Paris som "au-pair", og var fast gjest på "au-pair"-treffa hos den dåverande KFUK-sekretøren.

KFUK i Paris var før dei fleste av oss noko trygt og godt i ein av og til litt usikker kvardag. Der kunne me møte andre norske. Me som følte behov for det, kunne få snakka om Gud og trua vår.

I mange år har norsk KFUK eksistert i Paris. Først som KFUK-heim, nærast pensjonat, sidan som mindre husvære med KFUK-sekretær på halv tid. Alltid har det vore eit knutepunkt for norske jenter i Paris, kristne eller ikkje kristne, med tilbod om ymse aktivitetar, treff eller hjelp til ulike problem.

I år er det altså eg som representerer norsk KFUK i Paris, som vanleg "eitt-åring". Eg arrangerer "au-pair"-treff kvar veke, organiserer utflukter og ymse aktivitetar, og står til disposisjon som medmenneske. Elles samarbeider eg mykje med den norske presten om oppgaver i den norske kyrkjelyden, som til dømes bibelgrupper, gudstenester, sundagsskule, kyrkjelydsblad osv..



Foto: Siv Anita Bruvik.

Det ser ut til at dette vert eit av dei finaste åra i livet mitt. På dei 3-4 åra eg har vedkjent meg som kristen, har eg aldri så konkret kjent meg på "Guds parti" som no. Heile tilværet mitt dreier seg om å stå nær andre menneske; vera der om dei treng meg, å knyta kontakt mellom andre menneske, og sist, men ikkje minst: visa andre kva for ein flott Gud eg trur på! Ein som ikkje berre er der, men som er med meg kvar dag i stort og smått, uansett. Han viser meg kvar vegen går, om eg er villig til å lytta. Dette er det mest sentrale i "eitt-åringstenesta".

Det finaste som finst er å få vera på "Guds parti", og når eg kjem heim att, vil eg framleis vera det. Gud har heldigvis ikkje berre bruk for "eitt-åringar". Han har bruk for alle, uansett om du er i Vaksdal eller Bergen, eller som eg - i Paris."

Helsing SIV KVAMME.



UNGDOMS- KLUBBEN I


"Moses-huset"

MOSESHUSET ER EIN STAD Å VERA FOR
UNGDOM FRÅ 7.KLASSE OG OPPOVER.
Der samlast me kvar TORS DAG kl.19.30.

Kva gjer me der?

- Me har det triveleg saman.
- Me har andakt - samling om GUDS ORD.
- Me syng. (NILS KÅRE SPELAR PIANO.)
- Me lagar oss eit måltid saman.
- Me spelar biljard.
- Me pratar.
- Nokre av oss strikkar eller driv med andre FORMINGSAKTIVITETAR.
- Me spelar spel.
- Me har konkurransar.
- Me har fest ein gong imellom.
- Me ser stundom FILM el. VIDEO.

*** DU ER VELKOMEN !!! ***



**150 kroner er nok til mat
for en familie i
Etiopia i én
måned.**



Postgiro 100
Bankgiro 100

KIRKENS NØDHJELP

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3




SPEIDAR- GUTAR I

STAMNES

Måndag 18.januar var det fyrste speidarmøtet for gutar på Stamnes. Då møtte 7 gutar frå 1.-3.klasse. Der er Erling Stamnes, Mons Johan Vik og Karin Johanne Rosvold som skal vera leiarar.

Dette er ein "Ulveflokk" i Norges KFUM-speidarar. Dei skal ha møte i Stamnes Bedehus annankvar måndag.

Vi ynskjer speidarane og leiarane lukka til i arbeidet!



K F U M



VI GRATULERER!!

REDAKTØREN FØDTE EIN GUT
DAGEN FØR FRISTEN FOR STOFF
TIL KYRKJEBLADET.
DET TEK VI MED.

RT



BARNESIDE



BIBELN, VÅR VEGVISAR

Har du vore ute og gått når det er mørkt? Vi ser ikkje vegen når det er heilt mørkt. Då er det godt å ha ei lommelykt som viser oss kor vegen går. I Bibelen står det om at Guds ord er som ei lykt.

"Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys på min stig." Salme 119.105.

Slik som lykta hjelper oss å finna vegen når det er mørkt, slik skal Bibelen hjelpe oss å finna vegen til Gud.

Boka om Jesus er boka for meg. Der møter Gud meg og viser meg veg. Bibelen passar for liten og stor. Alle som vil kan få hjelp av Guds ord.



OPPGÅVE:

Teikn inn i rutene det som passar!



Ditt ord er ei	for min
og eit	på min

Reidun Skurtveit.



Kvifor fasteaksjon?

Av Thor Ullero

Fastetida er tida for refleksjon og sjølv-ransaking. Det er tida for å gå i seg sjølv og tone sinnet til påska sitt store mysterium. I vårt kavande «underholdnings-samfunn» blir det i dag lagt for lite vekt på ettertanken sin stille refleksjon. Diverre gjeld det også i kyrkjelydssamanheng.

Vi i Kirkens Nødhjelp er opptekne av å peike på kor nødvendig det er å la refleksjonen få innpass i våre sinn. Samtidig vil vi åtvare mot faren for fruktlaus sjølvfokusering, og i staden oppfordre til refleksjon ikkje minst rundt Kyrkja si diakonale oppgåve og ansvar i ei lidande verd.

Ikkje alle område i Etiopia er like hardt ramma. I sør har det kome brukbart med regn, og folk kan pløye åkrane sine.

Vi møter den lidande Kristus att i kvart lidande menneske på jord. «For eg var naken og du kledde meg ikkje – eg var svolten og du gav meg ikkje å ete. . . .»

Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon er vår utfordring til kyrkjelydane om å gå den lidande Kristus i møte. Fasteaksjonen gir den enkelte moglegheit til gjennom konkret handling å vise at det kristne diakonale ansvar blir teke på alvor.

Vi oppfordrar deg derfor til å støtte opp om dei ulike arrangement i din kyrkjelyd i samband med Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon 1988.

Katastrofeleiar Arvid Ofstad i Kirkens Nødhjelp:

Ein må vere uthaldande

Tekst: Inger-Torunn Sjøtrø

Arvid Ofstad har arbeidd i Kirkens Nødhjelp i over 25 år. Og det er ikkje få katastrofar der han har vore med på å formidle hjelp. Han var engasjert i hjelpearbeid i Etiopia i 1973/74 og i 1984/85. Korleis reagerer han når det igjen kjem meldingar om hungersnaud i store område i dette landet? Blir han aldri freista til å gi opp?

– Når ein som eg har arbeidd med naudhjelp i mange år, har ein også måtta lære at det er heilt nødvendig å vere uthaldande. Dei problema som land i Afrika, Asia og Latin-Amerika slit med er så vanskelege at dei ikkje let seg løyse over natta.

– Det er viktig å ha klart for seg at det ikkje er alle område i Etiopia som er like sterkt ramma. I dei områda i sør der vi har vore mest involverte, fall det brukbart med nedbør i den siste regntida. Det var også nokså lett å få tak i såkorn, hakker og oksar.

– Men kva med meldingane om hungerkatastrofe?

– Dei gjeld svoltlommer i sør, dessutan områda i nord. Dette er område som er svært utsette når det gjeld endringar av nedbør og temperatur. Og det siste året har det kome mindre regn enn det som trengst for at avlingane skal bli store nok til å gi folk det dei treng.

– Dette er også område som er omfatta av den pågåande borgarkrigen mellom Etiopia og Eritrea. Ein krig som har vart

i 25 år og som gjer det vanskeleg for folk å drive med jordbruk. Her har Kirkens Nødhjelp i fleire år drive eit omfattande hjelpearbeid. I år tek vi sikte på å formidle hjelp for meir enn 20 mill kroner inn til Eritrea og Tigray.



Ei av dei mange eritreiske mødrene som har fått hjelp til å hjelpe den vesle dottera si.

SLEKTERS GANG

Døypte



DALE


29.11 Raymond Rørgård Faugstad
29.11 Torbjørn Risholm
13.12 Kamilla Brattebø
10.01 Erik Sellevold Bleika
24.01 Rakel Hvidsten Søvik
07.02 Robert Midtun
07.02 Daniel Hilland

STAMNES

19.12 René Vik
14.02 Even Dæmring Hagen

VAKSDAL

10.01 Ingunn Loftheim Dale
07.02 Janniche Norby Boge
07.02 Tore Jan Sandboe
07.02 Aron Amundsen




Vigde



DALE

30.12 Jarle Steinsland og Anne Berit Tolås
23.01 Geir Karstensen og Nina Frantzen



Avlidne



DALE


15.11 Sigurd Ekanger f.1902
05.12 Jolanda Naustdal f.1901
07.12 Martha Birkeland f.1909
12.12 Magnus Helle f.1899
24.12 Gulleik Øye f.1891
28.12 Inger Margrethe Ekanger f.1922
05.01 Hildur Stanghelle f.1917
15.01 Johannes Mehus f.1908
20.01 Martin Tveiterås f.1911
28.01 Ingvald Andreas Bruvik f.1906
30.01 Randi Dankertsen f.1910

STAMNES

05.11 Ingvald Aas f.1898
03.12 Kurt Langeland f.1927
14.01 Lars Gammersvik f.1909

VAKSDAL

06.12 Erling Tolås f.1938
08.12 Anton Dortin Helle f.1907
11.01 Nancy Johannessen Boge f.1920
18.01 Anton Vestrheim f.1906
19.01 Gerda Davidsen f.1906
22.01 Laura Sæterdal f.1918
23.01 Gerhard Kristian Karlsen f.1917



På kyrkjeveg



UTDRAG FRÅ ÅRSSTATISTIKKEN FOR KYRKJELYDANE FOR 1987(1986)

	Dale	Vaksdal	Stamnes	Eidsland	Eksinged.	Nesheim	Bergsdalen
Antal gudstenester	36 (34)	33 (27)	21 (20)	15 (15)	12 (14)	15 (13)	13 (14)
Deltakarar ved gudstenstene	3669 (4080)	2636 (2894)	3280 (2133)	572 (689)	450 (570)	577 (705)	516 (800)
Døypte	28 (26)	14 (18)	7 (8)	0 (2)	1(3)	3 (1)	0 (2)
Vigsler	4 (3)	3 (1)	0 (0)	0 (1)	0 (0)	0 (0)	0 (1)
Nattverd i kyrkj.	307(390)	415(497)	392(470)	126(97)	101(121)	156(123)	115(101)
Konfirmantar	20 (24)	22 (17)	5 (12)	2 (5)	1 (0)	0 (4)	0 (2)
Soknerådsmøte	10 (12)	11 (14)	9 (10)	---	6 (5)	4 (5)	5 (5)
Ofringar	32.920 (31.700)	45.834 (39.715)	33.035 (37.800)	10.665 (9.121)	8.548 (9.696)	15.667 (9.473)	10.656 (10.683)

VELKOMEN TIL KYRKJE

6.mars - 3.sundag i faste.

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
Offer til Norges Samemisjon,Fagertun.

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/rk.Norum,
Offer til Orkidé -88.

13.mars - 4.sundag i faste.

VAKSDAL kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
Offer til Rådgivingskontor for gravide.

NESHEIM kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.
Offer til Bjørgvin Bispedømmeråd/
Bjørgvin Stiftssenter.

STAMNES kl.17.00 v/rk.Norum.Nattverd.
Offer til Det Norske Bibelselskap.

20.mars - Maria Bodskapsdag.

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.
Offer til Det Norske Bibelselskap.

EIDSLAND kl.17.00 v/sp.Meidell.



27.mars - Palmesundag.

NESHEIM kl.11.00 Familiegudsteneste
v/sp.Meidell.Offer Kirkens Nødhjelp.

BERGSDALEN - Sportsandakt v/Norum.

Bladpengar for 1988

Takk for pengane som kom inn i fjor.
Også i år legg vi ved ein innbetalings-
blankett og vonar at dei som set pris
på bladet også vil vera med og støtta
det økonomisk.

ToMaN

AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort; Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!
Kontorassistenten kan treffast på kontoret på Dale måndagar kl 10-13, tlf. 59 61 20

KIRKENS SOS

Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Apent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00



Har du bil?

Ta andre med deg
når du køyrer til
kyrkje!!!



SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer.
Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 5.mars.

Tove Margrete

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 50.- (eller meir)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese